

leiar

Rause bøheringar?

Bø blad gjennomførte nyleg ei meiningsmåling blant innbyggjarane i kommunen der det blei spurt om kven bøheringane meiner at Bø bør slå seg saman med ved ei eventuell kommunesamanslåing. 70 prosent av oss meiner at det mest naturlege er å slå seg saman med Sauerhad og heile eller deler av Nome. Fleirtalet går altså for Midt-Telemark. Det er tydelegvis det som kjennest naturleg og mest realistisk for oss i den vesle kommunen ved foten av Lifjell.

I same meiningsmåling kjem det fram at nærmare 90 prosent meiner at kommuneadministrasjonen i ein ny Midt-Telemark-kommune bør liggje i Bø. Blant dei under 30 år er det heile 96 prosent som meiner at Bø er det naturlege kommunesenteret.

Men kva er eit kommunesenter? Er det der kommunehuset ligg, der flest bur, der ein handlar eller går på kino og kafé? Dette er spørsmål som det er viktig å stille seg når ein skal slå saman kommunar. Og det er viktig at ein er open og raus mot kvarandre når ein skal diskutere lokalisering av felles tenester.

Midt-Telemark har allereie utstrekt samarbeid på fleire område, og det ser ut til å fungere fint å ha offentlege kontor spreidd rundt i regionen. Det er ikkje store avstandar å snakke om i vår region om ein samanliknar med andre kommunar i Noreg. Det er viktig å ha i bakhovudet når nye vegar skal leggest.

Så kva med å leggje kommuneadministrasjonen til Gvarv om ein slår saman Bø, Sauherad og Nome? Det ville vere midt i ein ny kommune, og ti-femten minuttar å køyre for dei fleste. Poenget er at ein treng ikkje leggje ned alt i enkeltkommunar, sjølv om ein slår seg saman. Ein kan fordele, og her må ein vurdere fleire forhold og vere pragmatisk. Det viktigaste er at ein samarbeider godt og ser både kvarandre og det nye fellesskapet som skal fungere best mogleg, både økonomisk og praktisk.

Målet i ein ny og større kommune må vere at ein er raus slik at det blir ei fornuftig fordeling mellom likeverdige partnerar - og fortsatt levande lokalsamfunn.

«Det er ikkje store avstandar å snakke om i vår region om ein samanliknar med andre kommunar i Noreg.»



Vant forskar-konkurranse. Halldor Engilbertsson illustrerer kva som har skjedd etter ein liten tur på butikken. Foto: Olav Breen, UiA

Vant forskar-grand prix

Sist veke stakk ein forskar ved høgskulen i Bø av med sigeren i Forskar grand prix Sør. På fire minutt skulle han fortelje om ein doktorgrad han har arbeidd med i fire år.

Hilde Eika Nesje

redaksjon@boblad.no – tlf 947 89 450

Halldor Engilbertsson var ein av fire forskarar frå Høgskolen i Telemark (HiT) som forsvarte Telemarks ære i Kristiansand da Forskar grand prix Sør gjekk av stabelen. Han er islending og underviser og jobbar i Bø, der han tek doktorgrad i forbrukaråtfed ved Institutt for økonomi og informatikk.

Studerer forbrukarar

Med stor innleving og formidlingsglede overbeviste han dommarane og publikum i

Kristiansand, og vant heile seansen.

Engilbertsson er interessert i det som påverkar oss forbrukarar til å ta val, og forskingsprosjektet hans «Den balanserte forbruker» tar for seg korleis vala våre kan bli påverka av signal som kroppen registrerer i ein handlesituasjon; Sjølv når me ikkje er klar over det kan balanseevna vår bidra til at me vel annleis.

Engilbertsson hadde fått hjelp frå Grenland friteater til å førebu innhald, språk, stemmebruk og fotarbeid på scena, og han fekk fram latteren både hos dommarar og publikum: Snublande ut av butikken med posane fulle av matvarer, lurar Halldor Engilbertsson på kva som egentleg skjedde i butikken. Han skulle jo bare ha melk, brød og syltetøy.

– Spannande format

Det var tre fagdommarar som såg

etter den gode historia i framføringa, men publikum var også med og stemte fram vinnaren.

– Det er ein god følelse å vise fram det ein har øvd på så lenge, og Forskar grand prix er eit spennande format. Det har vore ei stor utfordring å skvise all forskinga inn i fire minutt, seier Engilbertsson på nettsidene til HiT.

Allereie dagen etter den første framføringa deltok han i den nasjonale Forskar grand prix i Oslo saman med Elisabeth Holen-Rabbersvik frå Universitetet i Agder som tok 2. plassen.

Også Bård Kleppe frå høgskulen i Bø deltok i konkurransen i Kristiansand med si doktoropp-gåve.

Bøblad

27. årgang. Skipa 1986.

Godkjent opplag i 2013: 2501
Medlem i Landslaget for lokalaviser (LLA)

Adresse:

Postboks 104, 3833 Bø i Telemark
Besøksadresse: Bøgata 69
Tlf. 35 95 19 45
Faks: 35 95 40 28

Opningstider: Kl 9-15.

www.boblad.no

pdf versjon: buyandread.com



Redaktør/dagleg leiar:

Hilde Eika Nesje
947 89 450
redaksjon@boblad.no



Journalist:

Øystein Akselberg
906 38 453
oystein@boblad.no



Journalist:

Marta Kjøllesdal
976 88 692
marta@boblad.no



Salsansvarleg:

Rune Digranes Bøen
950 85 949
marked@boblad.no



Grafikar/annonse:

Dag Einar Hvitsand
911 52 320
grafisk@boblad.no



Avismedarbeidar:

Synnøve Sudbø Kleppe
35 95 19 45
annonse@boblad.no

Frilansarar:

Karen Anne Grindem
Glenn Isaksen
Jon Bjones
Eline Junliang Vestgarden
Eline Nesje

Avfotografering eller gjenbruk av stoff, bilete og annonsar utan avtale

er ikkje tillatt. Innsendt stoff blir til vanleg ikkje honorert med mindre anna er avtalt. Bø blad forbehold seg retten til å publisere innsendt stoff også i vår nettutgåve.

Abonnementprisar:

Halvår kr 490,- heilår kr 820,-
Studentab. kr 490,-
Tillegg utlandet.
Bestill på sms: 406 24 528
eller epost: abonnement@boblad.no

Annonsefrist:

Måndag kl. 14
Større annonsar:
Fredag kl. 10.00 veka før innrykk.

Utgjeve av Bø blad AS
Org nr.: 842 831 032
Bankgiro: 2630 05 04360
Trykk: Nr1 Trykk AS, Larvik

PFU Bø blad arbeider etter «Vær Varsom-plakaten»

sine reglar for god presseskikk. Om nokon kjenner seg råka av urettvis presseomtale, oppmodar me om at ein først tek kontakt med redaktøren. Ein kan også ta kontakt med Pressens Faglige Utval, (PFU), som er eit klageorgan oppnemnd av Norsk Presseforbund. PFU handsamar klager mot pressa i presseetiske spørsmål. Adresse: Rådhusgata 17, Postboks 46 - Sentrum, 0101 Oslo. E-post: pfu@presse.no Tlf: 22 40 50 40 - Faks: 22 40 50 55